

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Torsdag den 6.juni kl. 18.00 – 20.00 holdt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 29.05.2019

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte; Kjell Gunnar Nymark, Ragnhild Lysen, Hildur Larsen, Tor Helge Hardeland, Bent Rune Sinnes og Arild Steinsland

I tillegg møtte Ragnhild E. Sævarhagen frå Førde og Valestrand SR

Forfall frå; Astrid Farestveit Gane, Eirik Eriksen

Merknader til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen;

Sak 09/2019 Økonomirapport jan-april

Sak 10/2019 Val

Sak 11/2019 Plan for diakoni i den norske kyrkje - høyring


Sak 12/2019 Innspel til budsjett 2020 økonomiplan 2019 – 2023

Sak 13/2019 Trusopplæring – bruk av ledige midlar som er sett av til trusopplæring

Sak 14/2019 Revisjonsrapport – Rekneskap 2018

Sveio, 07.06.2019

sign
Bent Rune Sinnes
Leiar



Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Hildur Larsen

Ragnhild E. Lysen

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 08/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 08/2019 Godkjenning av referat og innkalling

Referat frå møte 5.3.19 godkjent

Innkalling godkjent

Informasjon og skriv

- Kyrkjerådet; «Personvern og informasjonssikkerhet i Den norske kirke – orientering om status i arbeidet med felles tiltak»
- «Organisering av IKT utviklingsarbeidet i Dnk», informasjon om planleggingsarbeid
- Samarbeidsmøte Fellesråd –Sveio kommune 5.juni – Tilbakemelding til Fellesrådet
- Orientering om ulike rehabilitering-/vedlikehaldsprosjekt
 - Maling Sveio kyrkje
 - Brannvarsling
 - Varmepumpe – Førde Kyrkje
 - Kloakk – Eikeland Kapell

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 09/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 09/2019 Økonomirapport jan-april 2019

Rapport frå rekneskapen viser totalt sett eit meirforbruk for perioden. Det er samtidig nokre moment som gir forklaring på dette.

Hovudtala for perioden viser følgjande;

ØKONOMIRAPPORT JANUAR-APRIL 2019**SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD**

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Regnskap
	2019	2019	0	2018
57100 ADMINISTRASJON	45901	29210	16691	13087
57200 DRIFT KYRKJER	159448	32689	126758	128943
57210 VALESTRAND KULTURKYRKJE	-30960	158	-31117	12048
57300 DRIFT KYRKJEGARDAR	-169512	31031	-200543	-149096
57410 DIAKONI	-6929	1124	-8053	-7822
57420 TRUSOPPLÆRING	115212	15277	99935	-128451
57430 KONFIRMANTARBEID	3621	-32	3653	23603
57440 KYRKJEMUSIKK	-4612	18	-4630	-5916
57450 BARNEKOR	85310	9522	75788	15064
TOTALT	197479	118996	78482	-98542

Som ein ser er det eit meirforbruk på 197000,- første 4 månadar. Samtidig er det i denne perioden gjennomført to større innkjøp på til saman 216000,- (Lysanlegg i Sveio kyrkja - 50000,- og kjøp av leasingbil 166000,-). Dette er utgifter som i følge vedtak kan finansierast via fond.

Eg vil vidare kommentera nokre postar innanfor kvart ansvarsområde. Postar vert tatt med då dei enten skil seg ut frå 2018, jf tala i høgre kolonne eller at det er tal me må vera særleg merksame på.

57100 – Administrasjon

Revisjon er i år betalt tidlegare i året enn i 2018. I tillegg er det utlegg for innkjøp av sceneplak til Sveio soknehus. Desse skal refunderast seinare i året.

57200 – Drift kyrkjer

Her bør me følgja nøye med på straumutgiftene. Desse er høge desse månadane. Det skal vidare refunderast utgifter frå Sveio soknehus si side, ca 30000,- for perioden, jf arbeid som kyrkjetenar gjer i soknehuset.

57210 – Valestrand Kulturkyrkje

Her er alle inntekter frå pilegrimsreisa ført. Det vil koma ein del utgifter her i mai. Det er å forventa at budsjettet då kjem meir i balanse.

57300 – Drift Kyrkjegardar

Her er inntektene frå festeavgift til nå i år omlag 50000,- høgare enn budsjettet. Det er fleire graver der festeavgift forfell i år enn eit gjennomsnittleg år. Dette var det ikkje tatt omsyn til i budsjettet. I tillegg skal utgifta til kjøp av bil finansierast via fond.

57420 – Trusopplæring

Her er tilskotet frå bispedømmekontoret først mottatt i mai, og kjem ikkje fram av denne rapporten. Dette utgjer omlag forskjellen mellom 2018 og 2019. Her vil det og skje endringar i løpet av året då frikjøpsavtalen med sokneprest går ut 30.juni og det er usikkert korleis ny løysing vil bli.

57450 – Barnekor

Her er utgifter til lysanlegg med kr 50000,- utgiftsført. Dei skal finansierast via fond.

For dei andre ansvarsområda føreligg det ikkje avvik av vesentleg art i forhold til inntekter og utgifter.

Investerings/rehabilitering:

Sveio kommune har bevilga midlar til rehabilitering av kyrkjebygg og til Enøk/brannsikring. Desse utgiftene vert ført av Sveio kommune og er ikkje ein del av rekneskapen til Fellesrådet. Finn likevel rett å kommentera nokre av punkta her:

- Eikeland kapell, ferdigstilling av rekkverk på rullestolrampe mv (omlag kr 30000,- + mva)
- Valestrand kyrkje; Varmestyring (omlag 57000,- + mva)
- Eikeland kapell – kloakk (Kostnadsoverslag på ca 100.000,- + mva)
- Førde kyrkje – Varmepumpe
- Brannvarsling – Sveio kyrkje, Valen kapell og ev Valestrand Kyrkje

Utgifter er ikkje klare her på dei to siste punkta enda då ein er i prosessen med å innhenta løysings- og pristilbod. Med unntak av brannvarsling i Valestrand kyrkje er det klart at prosjekta lar seg gjennomføra innan løyvingane frå kommunen. Brannvarsling i Valestrand kyrkje vil bli vurdert særskilt.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har i egen regi engasjert Malermester Emberland as til å mala Sveio kyrkje. Her er det godtatt eit tilbod på omlag kr. 450000,- I tillegg vil det koma utgifter til ev utskifting av enkelte kledningsbord mv. Dette er finansiert innan ekstraordiner løyving frå Sveio kommune i 2018.

Det vil i år og koma ei utgift til ordinert vedlikehald av orgelet i Sveio og Valestrand Kyrkje på rundt 27000,- samt eit noko større og nødvendig vedlikehald av orgelet i Sveio på omlag 67000,- Det er gjort avtale om dette med Jehmlich Orgelbau Dresden. Avtale er gjort med betaling i Euro. Desse er, om nødvendig, planlagt finansiert via midlar som tidlegare er sett av på fond til ekstraordinert vedlikehald.

Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer det slik at økonomirapporten gir eit rett bilde av den økonomiske situasjonen til fellesrådet. Når ein tek omsyn til planlagt finansiering via fond så er situasjonen omlag som forventa. Det er knappe marginar og me må følgja med på utgiftsbilde. Det er særleg to faktorar som er viktige her, det eine er utgifter til straum og det andre er personalkostnader. Her har fellesrådet frå 2018 auka kyrkjetenarstillinga med 15% (frå 35-50%). Føreløpig ser det ut til at det går å finansiera dette innan budsjett.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Rekneskapsrapport januar-april vert tatt til orientering
2. Utgifter til vedlikehald/reperasjon av orgel på omlag 94000,- vert dekkja innan ramma. Om nødvendig kan kostnaden tas av Fond – ekstraordinert vedlikehald

Behandling i Fellesrådet

Kort munnleg orientering om økonomisk situasjon.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Rekneskapsrapport januar-april vert tatt til orientering
2. Utgifter til vedlikehald/reperasjon av orgel på omlag 94000,- vert dekkja innan ramma. Om nødvendig kan kostnaden tas av Fond – ekstraordinert vedlikehald

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 10/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 10/2019 Val

Kyrkjevalet 2019 skal gjennomførast 9. September 2019. Det er sokneråda som er valstyre i dei to sokna. Samtidig har administrasjonen ei sentral oppgåve i ein del av den praktiske gjennomføringa av valet.

Ved fristen 30.april hadde dei to sokna listeforslag til valet. Begge sokneråda har 8 medlemmer og 5 vara. Det skal då i utgangspunktet vera minimum 13 namn på listene. Nominasjonskomiteen i Sveio la fram ei liste med 12 namn, medan det i Valestrand og Førde var 6 namn på lista. Det er derfor i tråd med regleverket opna for supplerande nominasjon. Frist for å koma med framlegg til kandidatar er 5. juni

Dersom me ikkje har fleire på lista vil listene bli godkjente slik dei nå ligg føre. Veljerane vil då på valdagen ha høve til å føra opp inntil tre ekstra valbare medlemmer på stemmesetelen. Desse vil då bli rangert etter talet på stemmer.

Frå og med 10.august skal det vera mulig å førehandsstemma. Det som er nytt av året er at førehandstemmer skal tas imot av to medarbeidarar. Det er ikkje lov for ein enkelt tilsett å ta imot stemmer. Eg vil derfor be om at sokneråda/valstyra godkjenner alle tilsette i staben i Sveio som mottakarar av stemmer.

Førehandstemming skal kunne skje i ordiner opningstid på kyrkjekontoret. For Sveio sitt vedkomande vert det tysdag, onsdag og torsdag mellom klokka 10 og 14. Det er i tillegg eit spørsmål om me skal ha førehandstemming utanfor ordiner kontortid. Det har vore praksis på at me saman med kommunen har hatt eit eige tidspunkt der me tek imot stemmer på SOS og Trygdebustadane i Førde. Eg vil føreslå at me og i år føl kommunen her.

Kommunen har og ofte tatt imot førehandstemmer på kveldstid og/eller ein laurdag før valet. Det er enda ikkje kjent korleis kommunen her vil gjera det. Dersom me skal få dette til i år må Fellesrådet godkjenne at administrasjonen kan forsøke å få dette til når det er kjent kva tid kommunen tek imot førehandstemmer.

Det er ikkje mulig å ha førehandstemming søndag 8. september, i tilknytting til gudstenesta då. Dette då førehandstemminga skal vera avslutta fredag før valet, i år 6.september.

På sjølv valdagen skal me ha vallokaler på dei same plassane som kommunen har vallokale, men i eigne lokaler. Det vert i år då valting i Førde Samfunnshus (Valkretsane i Førde og Valestrand), på Vikse Skule og på Sveio Soknehus. På Soknehuset i Sveio vil og dei som høyrer til i Auklandshamn ha sitt vallokale. Derfor må det leggst til rette for val til begge sokneråda her.

Valstyra må derfor ha tilgjengeleg valmedarbeidarar på desse lokala på valdagen. Her vil administrasjonen ta eit hovudansvar for å organisere dette. Sokneråda/valstyret må bistå i forhold til å skaffa medarbeidarar.

Dei frivillige valmedarbeidarane har tidlegare fått ei godtgjering for arbeidet. Godtgjeringa var sist kr 100,-/time. Eg føreslår å gjer det same og ved dette valet.

Det er ønskeleg med størst mulig valdeltaking. Det er derfor viktig å setja fokus på valet slik at det vert godt kjent ute blant medlemmene. Her vil eg utfordra sokneråda til å nytta ulike kanalar for å gjera valet kjent.

Vurdering

Kyrkjeleg fellesråd har ikkje nokon formell rolle i forhold til valet, det er sokneråda som er valstyre som har ei formell rolle her. Sokneråda bør gi sin tilslutning til same punkt som eg nedanfor ber Fellesrådet om å slutta seg til. Fellesrådet bør etter mi vurdering gi sin tilslutning til nokre punkt for å sikra gjennomføring av valet.

Dette gjeld følgjande punkt;

- At alle tilsette i staben samt prestane vert godkjent som stemmemotakerar
- At førehandstemmer skal tas imot i opningstida til kyrkjekontoret; kl. 10-1400, tysdag, onsdag og torsdag. Om mulig skal me og ta imot stemmer ut over denne opningstida.
 - o Dette gjeld ved SOS og Trygdebustadane i Førde
 - o Ev og ved utvida opningstid på ettermiddagstid/ein laurdag
- Sokneråda/valstyret vil bidra til å skaffa valmedarbeidarar.
- Sokneråda stiller med folk til oppteljing av stemmesetlar

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir sin tilslutning til at førehandstemming kan skje i kontoret si ordinere opningstid tysdag, onsdag og torsdag.
- Administrasjonen skal om mulig leggja til rette for mottak av førehandsstemmer ut over desse tidpunkta. Jf. Saksutgreiinga ovanfor
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir sin tilslutning til at kyrkjeverje har fullmakt til å godkjenne stemmemottakarar, dette gjeld både førehandstemming og på sjølv valdagen.
- Frivillige valmedarbeidarar vert godtgjort med kr 100,-/time

Behandling i Fellesrådet

Orientering og drøfting av enkelte punkt. Det er eit ønske om at det skal vera mulig å avgi førehandstemme på ettermiddagstid/helg. Framlegg om at Valmedarbeidarar ved kyrkjevalet bør godtgjerast tilsvarande dei som er medarbeidarar ved kommunevalet.

Fellesrådet sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir sin tilslutning til at førehandstemming kan skje i kontoret si ordinere opningstid tysdag, onsdag og torsdag.
- Administrasjonen skal om mulig leggja til rette for mottak av førehandsstemmer ut over desse tidpunkta. Jf. Saksutgreiinga ovanfor
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir sin tilslutning til at kyrkjeverje har fullmakt til å godkjenne stemmemottakarar, dette gjeld både førehandstemming og på sjølve valdagen.
- Frivillige valmedarbeidarar vert godtgjort tilsvarande kommunale valmedarbeidarar.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 11/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 11/2019 Plan for diakoni i den norske kyrkje - høyring

Kyrkerådet har sendt ut eit utkast til ny «Plan for diakoni i Den norske kirke». Planen er sendt ut til eit utval høyringsinstansar, derav nokre få kyrkjelege Fellesråd i kvart bispedømme.

Planen er ein kortfatta plan over 17 sider der det vart gjort greie for trua som ei grunnleggjande drivkraft for kyrkja sin diakoni. Det vert vidare tatt utgangspunkt i modellen; «Se – bedømme – handle» . I planen vert det peika på ulike områder som kyrkja vert utfordra, både på lokalt og sentralt hald.

I planen vert det peika på at dette er ein plan som både skal vera nyttig for tilsette med omfattande diakonal utdanning og for frivillige medarbeidarar i dei einskilte kyrkjelydane.

I kapittelet om «Trua som grunnleggjande drivkraft for kirkens diakoni» får me ein kort innføring i korleis me gjennom blant anna Bibelen vert utfordra til diakoni. I kapittelet «Se» vert det peika på ulike områder som utfordrar oss; Klima, Auka Ulikhet, Migrasjon, Arbeidsliv, Fattigdom, Utenforskap, Ensomhet og digitalisering samt Religion og livssynsmangfold er alle tema som vert berørt.

Deretter vert det gjort greie for korleis me kan tolka samfunnstrekk i lys av trua samt at andre tema som frivillighet og samhandlin mv vert omtala.

Til sist kjem kapittelet som omhandlar «handling». Her vert det omtalt både lokal planlegging og ulik tematikk mv som kan/bør vera med i ein lokal plan. Her er det og omtalt ein del eksempler på tiltak som kan vera aktuelle for ein lokal plan i kyrkjelyden.

I høyringsdokumentet vert vi bedne om å svara på følgjande spørsmål:

1. Har utkastet til revidert diakoniplan fått den nødvendige oppdatering?
2. Er det vesentlige forhold som mangler?
3. Har dere konkrete innspill til de ulike kapitlene?
4. Har dere kommentarer til planens språk og tilgjengelighet?
5. Andre kommentarer

Vurdering:

Planen gir etter mitt syn eit godt og relativt kortfatta oversikt over korleis ein kan ta fatt på diakonale utfordringar i ein lokal kyrkjelyd. Små kyrkjelydar utan diakonalt tilsette vil her få eit

kunnskapsgrunnlag for å starta eit arbeid med eigen lokal plan. Den kan til tider verka litt overveldande då me vert utfordra i forhold til ulike problemstillingar som har ulik relevans etter korleis dei lokale forholda er. Sjølv om det og i planen vert sagt at ein må ta omsyn til kva ressursar ein rår over lokalt er det gjerne her eg kunne ønska at planen var litt meir open på at ein gjerne ikkje har ressursar til å fokusera like mykje på alle områder.

Det vert i planen peika på at det er ønskeleg å utarbeida hjelpemiddel som kan nyttast i arbeidet med lokale planar. Dette er særleg viktig for kyrkjelydar som er utan diakon og som må basera seg på frivillige og tilsette utan diakoni som sitt fagområde/hovudansvarsområde.

Det er etter min vurdering bra at planen utfordre oss på ulike tematikk – samtidig som den er open. Eg oppfattar at planen gir gode eksempel utan å vera for styrande.

Eg ser det og slik at planen med fordel kunne ha fått ein litt meir lesbar layout. Nå er den ganske tettpakka med lite luft inne i mellom.

Eg ønskjer å gje følgjande høyringsuttale, jf. Spørsmål ovanfor;

1. Ja
2. Nei
3. Det bør gjerast tydelegare at sjølv om vi som kyrkje er utfordra på ulike livsområder/tematikk er det likevel lov for lokale kyrkjelydar å velja sine fokusområder ut frå lokale forhold og ut frå kva ressursar ein rår over.
4. Planen kan med fordel få ein litt meir lesbar layout. Nå er den ganske tettpakka med lite luft inne i mellom.
5. Gjennomgåande er planen eit godt utgangspunkt for å setja fokus på diakoni i kyrkjelydane. Det er viktig at me får enda meir konkrete hjelpemiddel til å utarbeida lokale planar. Her kan det gjerne tas utgangspunkt i modellen; «Sjå – analyser – handla»

Dokument i saka:

- Revidert plan for diakoni til høring-2019

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir høyringsuttale i tråd med punkt 1-5 ovanfor.

Fellesrådet sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd gir høyringsuttale i tråd med punkt 1-5 ovanfor.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 12/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 12/2019 Innspel til budsjett 2020 økonomiplan 2020 – 2023

Fellesrådet sin økonomi er i stor grad avhengig av nivået på tilskotet frå Sveio Kommune. Tilskotet frå Sveio kommune vert bestemt av kommunestyre. Budsjettprosessen i kommunen startar tidleg og dersom ein skal påverka den bør innspel koma tidleg i prosessen.

Investering:

Administrasjonen i kommunen har allereie bedt om å få innspel til investering innan utgangen av april. Kyrkjeverje har utarbeida innspel her i tråd med tidlegare prioriteringar frå Fellesrådet. Innspela ligg vedlagt denne saka. Skulle Fellesrådet ønske å endra prioriteringane vil det framleis vera mulig.

Prioriteringane her er å få fullført arbeidet med rehabilitering av kyrkjebygg samt å få gjennomført prosjekt som er knytt opp mot brannsikring og Enøk. Dette ligg allereie inne i kommunen sin økonomiplan, men vert frå kyrkjeverje si side føreslått utvida med løyving i eit år til.

I tillegg ber ein om at utviding av gravplassen ved Eikeland Kapell vert tatt med i planane. I første rekkje eit forprosjekt i 2020 og deretter utbygging i 2022.

Det vil i tillegg vera behov for ny gravmaskin til bruk på gravplassane i løpet av økonomiplanperioden.

Drift

På driftsida er utfordringa at løns- og prisvekst over tid har vore større enn auken i tilskotet frå kommunen. Eg siterer her frå saksframlegg til sak 14/2018:

Når det gjeld drift så har fellesrådet fått ein auke i ressursar som er i underkant av pris og lønsvekst i perioden 2013-2018. Samtidig har dette vore i ein periode der det har vore stor auke i befolkninga i Sveio. Fellesrådet skal dels betena heile befolkninga og dels eigne medlemmer. I kommunen sitt budsjettframlegg for 2018 kjem det fram at det vart nytta kr 85,- mindre pr innbyggjar til kyrkjelege føremål i 2016 samanlikna med 2013. Med ei befolkning på om lag 5700 utgjer dette nærare ein halv million kroner. Ein halv million er ein betydeleg sum når totalt kommunalt tilskot er i underkant av 4 millionar. Sveio kommune nyttar og eit noko lågare beløp pr innbyggjar til kyrkjelege føremål enn det andre kommunar i kommunegruppe 11 gjer, kr 647,-/innbyggjar samanlikna med kr 673,- i kommunegruppa.

På nåverande tidspunkt er det signalisert at kommunen vil koma med auke i tilskotet for 2020, jf forventa kommunal deflator (forventa løns- og prisvekst) på 3%. Denne saka skal opp i Formannskapet 3.juni. Dette vert då ikkje ein reell auke, men dekkjer inn omlag auken i løn og andre kostnader.

Det er frå 2018 og framover i økonomiplanen til kommunen sett av midlar til mellom anna rehabilitering av kyrkjebygg, enøk tiltak og brannsikring. Desse er sett av på budsjettet til kommunen. Samtidig viser det seg at det er heilt nødvendig at kyrkjeverje brukar betydeleg tid på desse prosjekta

for at dei skal bli gjennomført då kapasiteten på drift og anlegg ikkje er tilstrekkeleg til at dei kan prioritera prosjekta i kyrkjeleg sektor.

Dette kjem i tillegg til at ein ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å ha på plass nødvendige administrative rutinar på ulike områder t.d. innanfor arkiv Her er det heilt klart at Fellesrådet ikkje i tilstrekkeleg grad føl krava i lov og forskrift.

Fellesrådet skal dekkja vide fagområder og har i all hovudsak berre tilsett folk i delstillingar. Tilgjengeligheten er derfor heller ikkje tilfredstillande. Kontoret er i hovudsak berre oppe tre dagar i veka.

At Sveio har 12 gravplassar og 5 kyrkjer/kapell er sjølv sagt med på å auka kostnadane til drift, både praktisk drift og vedlikehald, men og administrativt. Dette er samtidig ikkje ein struktur som lar seg endra på kort sikt. Og slik kyrkjeverja vurderer det er det heller ikkje sterke ønsker om å endra denne strukturen.

Det er ei vesentleg forskjell på Fellesrådet og ei kommunal avdeling med tilsvarende omsetnad og tal på tilsette. Fellesrådet er ein sjølvstendig juridisk eining som har ansvar for si drift heilt sjølvstendig. Sjølv om me har gode tenester og rådgeving frå kommunen si side er det vanskeleg som leiar i delstilling å følgja opp drifta tilfredstillande. Eg vil derfor tilrå at ein ber kommunen om auke i tilskot slik at Fellesrådet kan auka sine administrative ressursar.

Kyrkjetenar er nå tilsett i 50% stilling knytt til kyrkjedrifta samt 15% knytt opp mot Sveio Soknehus. Dette skjedde etter at Fellesrådet auka stillinga frå 35% , og tok risikoen for auken innan budsjettramma. Dette var heilt nødvendig for å sikra tilfredstillande oppfølging av kyrkjebygga innvendig, jf reinhald og orden samt gjennomføring av gravferder mv. Det er for tidleg å konkludera om ein greier å dekkja desse utgiftene innan budsjettramma. Det er relativt små beløp det her er snakk om, anslagsvis rundt 90000,-/år.

I vinter var det mulighet for å søkja om sentrale midlar til delvis dekning av diakonistilling. Det var då ein dialog med Sveio kommune om delfinansiering av stillinga. Administrasjonen i Sveio gav etter ei vurdering tilbakemelding på at dei på det tidspunktet ikkje kunne gå inn med finansiering. Dette er samtidig eit tema som ein ønskjer ein dialog med kommunen om for å sjekke ut om me framover kan ha muligheter til å få finansiert ei diakonistilling. Kyrkjeverja vurderer at det ligg føre muligheter for god ressursutnytting ved å oppretta ei slik stilling i grenselandet mellom offentleg og frivillig sektor. Utlyste midlar i 2019 er fordelt. Det er usikkert om det vil koma fleire muligheter for å søkja sentrale midlar. Høve for finansiering av diakonistilling bør følgjast opp i dialog med kommunen.

Sveio Sokneråd uttalte i sitt møte 8.5.19, sak 37/19, at rådet ønska å prioritera auke i kyrkjeverjestillinga til 100% med oppretting av diakonistilling som andre prioritet.

Vurderingar

Fellesrådet har i stor grad deltidstillingar. Fellesrådet har vore heldig og har hatt ein rimeleg stabil arbeidstokk. I løpet av ein periode framover vil større deler av arbeidstokken koma i ein alder der dei kan velja å gå av med pensjon. Det kan bli krevjande å rekruttera inn i desse stillingane når dei vert ledig.

Det er nødvendig å utvida ressursane til administrasjon. Eg vil tilrå at ein ber om auka kommunalt tilskot som gjer at ein kan auka ressursane gradvis opp her over ein tre års periode, 10% stillingsauke årleg, dvs. kr. 90.000,- i auke pr år.

Auke i kyrkjetenarstilling er allereie gjennomført. Eg føreslår at me gjer oss erfaringar frå 2019 før ein vurderer denne stillinga og finansiering av den vidare.

Det bør arbeidast med finansiering av ei diakonistilling. Dette er ei sak som må drøftast og jobbast med over tid. Eg vil tilrå at Fellesrådet går i drøftingar med kommunen med sikte på å avklara om det er mulig med kommunale delfinansiering av ei diakonstilling frå 2021.

Dokument i saka:

- Innspel investeringar 2020-2023 Sveio Kyrkjelege Fellesråd
- Brev til sokneråda – Innspel til budsjett 2020

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd seier seg einig i kyrkjeverja si prioritering av innspel til kommunen sitt investeringsbudsjett. Det vert understreka at det er viktig å koma i gong med planlegging av utviding av gravplassen ved Eikeland Kapell.
2. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om ei auke i kommunalt tilskot med kr 90.000,- i 2020, jf. auke i ressursar til administrasjon.
3. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om ein dialog med Sveio kommune om muligheter for kommunal og ekstern finansiering av diakonstilling frå 2021.

Behandling i Fellesrådet

Drøfting. Framlegg om at det bør konkretiserast at ein ser for seg ein opptrapping over tre år på punkt 2.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd seier seg einig i kyrkjeverja si prioritering av innspel til kommunen sitt investeringsbudsjett. Det vert understreka at det er viktig å koma i gong med planlegging av utviding av gravplassen ved Eikeland Kapell.
2. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om ei auke i kommunalt tilskot med kr 90.000,- i 2020, jf. auke i ressursar til administrasjon. Samt ytterlegare auke på kr 90.000,- i 2021 og 2022.
3. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om ein dialog med Sveio kommune om muligheter for kommunal og ekstern finansiering av diakonstilling frå 2021.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 13/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 13/2019 Trusopplæring – bruk av ledige midlar som er sett av til trusopplæring

Sidan årsskiftet 2013/2014 har soknepresten i Sveio vore frikjøpt i 20% for å arbeida med trusopplæringstiltak. Han ønskjer å avslutta dette frikjøpet frå månadsskifte juni/juli 2019.

I sitt arbeid som trusopplærar har han i hovudsak arbeida opp mot ungdom. Kyrkjelydspedagogen har hovedansvar for trusopplæringsplanen og har hatt sitt arbeid i hovudsak mot dei yngre aldersgruppene.

Trusopplæring er ikkje avgrensa til tiltak som er ein del av trusopplæringsplanen, men er og ein sentral del av blant anna korarbeidet og det frivillige arbeidet som vert gjort i kyrkjelydane.

Gudstenester og arbeidet rundt dei er og viktig for trusopplæringa og oppfylling av måla i planen. Prestane og kantorane har derved og ei viktig rolle i trusopplæringsplanen.

I tillegg har kontorsekretæren ei viktig rolle i forhold til å fylle opp tiltak som går invitasjonar samt på utsending av gåver på 1,2 og 3 års dåpsdag mv.

Både sokneråda og trusopplæringsutvalet har drøfta korleis me nå skal nytta dei ledige midlene. Trusopplæringsutvalet har peika på følgjande alternativ;

1. Utlysa ein 20% stilling
2. Frikjøp av annan prest i 20%
3. Knytta til seg ulike personar på oppdragsbasis, ulike personar til kvart enkelt tiltak.

I referat frå møte vart desse alternativa prioritert i motsett rekkjefølgje av det som er nemnt ovanfor;

1. *Honorar til til personar som tek på seg ansvar for enkelttiltak*
2. *Vikarprest som tek dei 20%*
3. *Lyse ut 20 % stilling - dette synest utvalet er eit dårleg alternativ.*

I ein seinare epost til soknerådsleiarane har kyrkjelydspedagogen utdjupa dette noko;

Eg vel likevel å kommentera/supplera referatet litt.

Som kyrkjelydspedagog og einingsleiar for trusopplæring, vil ein person i 20% stilling vera å føretrekkja. Dette på grunn av at samhandling med ein person i plassen for 4-5 ulike på ulike tiltak er lettare og mindre tidkrevjande, særleg i startfasen.

Grunnen til at det havna på sisteplass, var at me i utvalet tenkjer det er vanskeleg å få ein person i 20% stilling som kan bli verande ei tid. Og at deltaking i stabsmøte og andre felles stabsaktivitetar lett kan eta opp ein del arbeidstid. Men kan denne personen vera fritatt for stabsmøte, er det ei betre løysing.

I referatet står det at å lyse ut 20% stilling er eit dårleg alternativ. Eg tenkjer at den formuleringa ikkje er heilt dekkande for våre synspunkt, men me var samde om rekkefølga i utvalsmøtet (deltakarar: Elise de Winter, Berit Katla, Anne Synnøve Gramshaug og Haldis Rolfsnes Stueland står bak den prioriterte lista)

Ved å dela opp ressursen i honorar til personar som tek på seg enkelttiltak, f.eks ein til Fredagschill, ein til Aktivitetsdag for 7-åringar, ein til førkarneval, ein til friluftsliv for 8. klassingar osv, tenkjer me i utvalet at me kan knyta til oss ulike personar som kan ha dette som si oppgåve og ansvarsområde som dei brenn for gjennom eit lengre tidsrom.

2.prioritet – vikarprest som tek dei 20%, er sett som 2. prioritet. Dersom me har ein prest inne i 20% som likevel er tilknytt staben, vil me dra fordelar av det gjennom kjennskap til og samhandling med kyrkjelyden og staben, men det føreset at ho/han er interessert i arbeidet blant barn og unge. Ein prest har og høg løn, og me får gjerne mindre trusopplæring for dei ressursane me har tilgjengeleg

Valestrand og Førde sokneråd hadde saka opp i sak 25/19 den 24.april 2019. Dei gav følgjande uttale;

«Soknerådet stetter at det vert lyst ut ei 20%stilling då det vil lette arbeidet med å ha ein fast person tilsett»

Sveio Soknerådet hadde saka oppe i sitt møte 8.mai og gjorde der vedtak. Vedtaket lyder:

«Soknerådet gjev trusopplæringsutvalet støtte i å prioritere 20% stilling til trusopplærar etter at Gisle går ut av ordninga/skal jobbe 80% stilling.»

Økonomi

Kostnaden med frikjøp har dei siste to åra vore like i overkant av 150.000,- pr år. Dette er med utgangspunkt i at me dekkjer løn (inkludert sosiale kostnader) for person tilsett som prest. Kor langt desse rekk er avhengig av kva utdanningskrav me ev stiller til den me tilset.

Rekneskapen for trusopplæringa har gått med eit mindre overskot dei siste åra. Det kan derfor vera rom for å bruka tilsvarande med midlar og framover. Samtidig har tilskotet til trusopplæring frå bispedømmet ikkje auka like mykje som løns- og prisstigninga tilseier.

Vurdering:

Eg vil som kyrkjevevje tilrå at det vert forsøkt å få tilsett ein medarbeidar i 20% stilling. Dette kan kombinerast med å knyta til seg ein eller fleire medarbeidarar som tek ansvar for enkelttiltak mot ei mindre godtgjering.

Det er viktig å få tilsett ein person i stillinga raskt sidan frikjøpsavtalen går ut 30. juni. Eg vil derfor tilrå at Fellesrådet gir fullmakt til at kyrkjevevje og kyrkjelydspedagog kan få fullmakt til å tilsetje ein

medarbeidar i stillinga. Tilsetjing bør og kunne skje utanom utlysing av stillinga dersom ein finn aktuelle kandidatar utan utlysing.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Fellesrådet gir kyrkjeverje, i samarbeid med kyrkjelydspedagog fullmakt til å tilsetja trusopplærar i inntil 20% stilling. Trusopplæringsutvalet skal ha høve til å uttala seg før tilsetjing.
2. Tilsetjing kan skje utan utlysing.
3. Stillinga vert plassert i lønnsgruppe 2(fagarbeidar) eller 3(høgskuleutdanning) avhengig av utdanning og erfaring.
4. Dersom ein ikkje lukkast i å tilsetja trusopplærar i 20% stilling kan trusopplæringsutvalet i samarbeid med administrasjonen knyta til seg ressurspersonar som kan ta ansvar for enkeltoppgåver innanfor trusopplæringa i ein periode.

Behandling i Fellesrådet

Det kom opp spørsmål om det vil vera mulig å auke stillingsandel nok, jf at me nå går for å tilsetja i lågare lønnsgruppe. Kyrkjeverje vart utfordra til å sjå på mulighetene for å tilsetja i ein noko høgare stillingsprosent innanfor same kostnadsramme.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Fellesrådet gir kyrkjeverje, i samarbeid med kyrkjelydspedagog fullmakt til å tilsetja trusopplærar i inntil 30% stilling. Trusopplæringsutvalet skal ha høve til å uttala seg før tilsetjing.
2. Tilsetjing kan skje utan utlysing.
3. Stillinga vert plassert i lønnsgruppe 2(fagarbeidar) eller 3(høgskuleutdanning) avhengig av utdanning og erfaring.
4. Dersom ein ikkje lukkast i å tilsetja trusopplærar i 20-30% stilling kan trusopplæringsutvalet i samarbeid med administrasjonen knyta til seg ressurspersonar som kan ta ansvar for enkeltoppgåver innanfor trusopplæringa i ein periode.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	06.06.2019	Fel . 14/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 14/2019 Revisjonsrapport – Rekneskap 2018

Revisjonsrapport frå KPMG for Sveio Kyrkjelege Fellesråd, Sveio sokn og Valestrand og Førde Sokn ligg nå straks føre.

Dokument i saka:

- KPMG - Revisjonsrapport 2018 – vert ettersend

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Revisjonsrapport for året 2018 vert tatt til orientering.

Behandling i Fellesrådet

Rapport er ikkje mottatt slik kyrkjeverje hadde venta

Fellesrådet sitt vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

